

Kom og syng jula inn i Uskedal kyrkje.

14.12.2019



Sundag
15. desember 2019
kl. 19.00

Jule- konsert

Velkomne til den tradisjonelle julekonserten i Uskedal kyrkje.

Soknerådet inviterer til til Julekonsert i Uskedal kyrkje i morgon, søndag 15. desember, kl. 19.00. Konserten er av det tradisjonelle slaget med innslag frå kor, korps, kantor og gjest Leif Inge Heimvik frå Utåker. Leif Inge les juleevangelieet og syng to songar. Det er gratis inngang, men høve til å gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet ved utgangen.

Uskedal Skulemusikk med sin dirigent Tor Skeie Olsen spelar til opning. Nokre av innslaga vert framført berre med aspirantane. Nils Raine Vågen, som no er elev på musikklinja ved Stord Vidaregåande skule, spelar solo Nordnorsk julesalme med tekst og melodi av Trygve Hoff.

Vokalensemblat GLIMRAH og blandakoret Røysterett for Alle, begge leia av Maria Malmsten, er med på konserten. GLIMRAH syng mellom anna den kjende svenske julesongen Jul, jul strålende jul med tekst av Edw. Evers og melodi av Gustaf Nordqvist. Røysterett for Alle har hatt ei travel førjulstid med tre konsertar i tre bygder. Julekonserten i Uskedalen er den siste framføringa før julefri.



Røysterett for Alle avsluttar konsertturneen med innslag på julekonserten i Uskedalen.

Kantor Eva Megyesi framfører mellom anna Mitt hjarte alltid vanker, skrive for orgel av Mons Leidvin Takle. Til avslutning spelar kantoren Del av ein julepastoral, komponist Valentine og arrangert for orgel av Edward Power Biggs.



Uskedal Skulemusikk, her saman med Rosendal skulekops. Dirigent: Tor Skeie Olsen (Arkivbilete).

Julekonserten i Uskedalen vert avslutta med innslag av Uskedal Musikklag, der vi mellom anna får høyra Mary's Boy Child.

Kyrkjelyden syng jula inn med Deilig er jorden, tonefylgje Uskedal Musikklag.

Alle er velkomne til julekonsert i kyrkja, sundag 15. desember, kl. 19.00

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/Tor Edvard Taranger